

Bjørkebokstavar

Høgt oppe i bjørka
leitar eg fram lommekniven
og rissar inn namnet mitt

Innanfor borken
lyser det
i kvitt tre

Sevje piplar ut
frå bokstavane
Store gylne dropar
som sola speglar seg i
Dei smakar søtt

Hilde Myklebust



OPPGÅVE: Visste du at ein kan koke dei første små bjørkelauva og lage brus av det? Det smakar søtt og friskt. Ta med eit bjørkelauv tilbake til læraren, så får gruppa eit kryss på spelebrettet.

Fnugg

Løvetanna står
med kvite hovud over markene
Alt det lysande gule har blitt til frø

Eg plukkar ei
og blæs det sterkaste eg kan
Fnugga svevar av garde
Landar og kryp ned i jorda

Berre eitt fnugg står att på stilken
som ein glad kjærast med bustete hår

Eg nappar det ut
og festar det til genseren
Det klistrar seg fast
rett utanfor hjartet

Hilde Myklebust

2

OPPGÅVE: Visste du at løvetannplanten har mange namn på norsk? Gullbust, nattsvæve, kappelaup og solvendar er nokre av dei.

Ta med ein løvetann eller ein annan blomster til læraren, så får gruppa eit kryss på spelebrettet.

Blankt auge

Nede i tjernet har frosken
lagt store klyser med egg

Dei er blanke og glatte
Med den svarte prikken i midten
liknar dei hundrevis av auge

Vi stirar på kvarandre
Eg må blunke først

Hilde Myklebust

3

OPPGÅVE: Visste du at rumpetrollet pustar med gjeller og alltid må vere vått? Kva dyr vert rumpetrollet til når det har gått nokre veker? Ta med svaret tilbake til læraren og få eit kryss på spelebrettet.

Forvandling

Det heng ei puppe
frå eit blad
på ei grein



Eg følgjer med puppa
kvar einaste dag
Tenkjer på det som skjer der inne
At larven skal få føter
At han skal få følehorn
At vengane skal vekse fram

4

Ein kveld finn eg berre eit tomt skal
og på bjørkestammen sit ein sommarfugl
Flaksar prøvande med vengane
Krøkjer seg litt saman
før han flyg av garde
fullstendig forvandla og fri

Hilde Myklebust

OPPGÅVE: Visste du at det i Noreg finst
over 2000 ulike artar av sommarfuglar?

På arket ser du også ein fugl. Veit
du kva slag fugl det er, og kva denne
fuglen likar å ete? Ta med svaret til
læraren og få eit kryss på spelebrettet.



Usynleg

Sola skin
inn gjennom trekrona
Sender gylne striper
over kroppen min
Dei varmar

Eg lyttar til vinden
som raslar i lauvet
Breking frå markene
Trasta som syng
Mor som ropar meg
inn til middag:
At eg må svare
At kjøtkakene vert kalde

Heilt usynleg sit eg her
Inne i det grøne
Så grønt at
ikkje eingong mor
kan få auge på meg

Hilde Myklebust

5

OPPGÅVE: Har du nokon gong klatra i eit tre og gøymt deg for nokon nede på bakken? Fortel om det til dei andre i gruppa. Viss ingen i gruppa har gjort dette, må de hinke ti hink på kvart bein før de får halde fram.

Ta med kodeordet «klatremaks» til læraren og få eit kryss på spelebrettet.



6

OPPGÅVE: I Noreg har vi tre artar bjørk: hengebjørk, vanleg bjørk og dvergbjørk.

Ta med kodeordet «hengebjørk» til læraren, så les han eller ho diktet «Hengebjørk» for gruppa og set eit kryss på spelebrettet.